

Referat FAU/SMU

Stad: personalrom ungdomsskolen Skei skule

Tid: tysdag 14.04.26 kl 17:30- 19:00

Saker

- Fekk inn ny representant for SMU – Alexander Frøyen (erstattar Frode Molnes)
- Retningslinjer i høve digitale meida – høyring:

Eit utkast i første omgang. Det er blitt eit aukande engasjement blant foreldre kring bruk av smarttelefon og sosiale medier blant barn og unge. Ligg framme forslag om 16-års aldersgrense på sosiale medier.

Vi gjekk gjennom rettleiaren i møtet.

FAU/SMU er einige om at det er positivt med ein rettleiar. Kan vere eit alternativ med kontrakt/avtale mellom foreldre/føresette i klassane om å utsette bruk av smarttelefon til eit visst klasseserum. Lurt å introdusere dette allereie i foreldremøte før skulestart 1. klasse.

Dette blir også tema på felles foreldremøte for alle trinn til hausten. KI/AI blir også tema på dette møtet.

- Oppfølging frå forrige møte

Sykkelparkering på skulen blir ordna før sommarferien.

Skuleruta er vedtatt og ligg ute på Sunnfjord kommune si nettside

Forslag til kalender som viser kva aktivitetar/inntekt til klasseserum som ligg på kva årstrinn skal vere klart til hausten

- Diverse informasjon frå rektor og oppdatering på vernerunde

Vernerunde: toaletta kunne vore «friska opp» igjen på begge trinn. Det er behov for fleire stikkontakter på ungdomsskulen. Det er varierende temperatur og tidvis tung luft – bør gjerast noko med. Det har vore bytta ut ein del lysarmatur som har laga lyd – bytta ut med LED. Solskjerminga til skulen blir fort øydelagt i vinden, så denne skulle også vore bytta ut. Det største behovet for oppussing er på ungdomsskulebygget. Skulen er godkjent i vernerunde, men med kommentarar om kva som bør utbetrast.

Diverse informasjon: neste skuleår er ikkje planlagt endå. Er lyst ut vikariat på grunn av permisjoner. Er redusert bemanning i forhold til tidlegare år, mindre ressursar.

Ordensreglement – mobilbruk rett før og etter skuletid er diskutert. Ønske om å samle inn mobilar allerede før timen startar om morgonen. Einigheit om dette så lenge lærarane har kapasitet til å gjennomføre dette.

- Ymse

Tips om at overgrepsmottaket har fine, korte introduksjonsfilmer som kan vere ein idé å vise i slutten av 10. klasse før dei skal vidare på VGS til hausten.

Nødvendig med bedre belysning utanfor hallen. Er veldig mørkt der på kveldane når det er mykje aktivitet der. Barn som skal fram og tilbake mellom bilar, og mykje trafikk. Mulighet for at FAU er med og støtter, skal ta kontakt med styret i hallen for og sjå på løysing.

Siste møtet dette skuleåret. Neste møte blir til hausten etter skulestart og gjennomførte foreldremøter.

Referent: Karina Hugøy Fischer